

# Bokn Bygdablad

Nr. 4 Mai 2013 – Årg. 28



Gir seg – s. 5

Føresvik Terrasse – s. 6

Trialsesong – s. 8



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**





## RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding*

### Utsetjing av Rogfast?

Forvaltningsstyret i Bokn hadde den 17. april oppe reguleringsplanane for Rogfast og sendte saka til kommunestyret med ei positiv tilråding. Etter planen skulle saka opp i ekstraordinært kommunestyremøte den 28. mai. Den 15. mai mottok Bokn kommune brev frå Statens vegvesen med ei oppmoding om å utsetja behandlinga av reguleringsplanane for prosjektet.

Bakgrunnen for dette er ein risikoanalyse som Statens vegvesen har gjennomført i forhold til stigningsforholda i Rogfast-tunnelane, men sidan vegstyresmaktene endå ikkje har konkludert når det gjeld krav til stigning, ynskjer Statens vegvesen å venta med sluttbehandlinga av reguleringsplanane.

I dei opphavlege reguleringsplanane var det lagt til grunn eit stigningsforhold på 7% i det brattaste partiet, om lag tre kilometer opp mot Bokn. EUs tunneldirektiv seier at det maks skal vera 5% stigning i slike tunnelar. Direktoratet vurderar nå om Noreg skal søke fritak frå EUs tunnelsikringsdirektiv for å få lov til å bygga Rogfast med sju prosent stigning. Alternativt må det lagast ein ny reguleringsplan med maks fem prosents stigning i tunnelane opp til Bokn. Dette inneber i så fall at Statens vegvesen må gjennom ein ny reguleringsprosess, noko som kan forseinka oppstarten med inntil to år. Kostnaden er om lag 300-500 millionar for tre kilometer ekstra tunnel.

Spørsmålet om stigningsforholda i tunnelane er tatt opp både i referansegruppa for Rogfast og med prosjektleiinga i Statens vegvesen og ein var



**Arsvågen i Bokn**  
**Illustrasjon: Statens vegvesen/Cowi as**

godt kjend med nemnde EU-direktiv. Statens vegvesen har vist til at EU-direktivet seier maks fem prosent stigning «der det er geografisk mogleg». Dette har blitt tolka som at det ikkje gjeld undersjøiske tunnelar, og at desse difor kan ha sju prosent stigning. Bokn kommune har lagt dette til grunn.

Bokn kommune ventar nå på ei avgjerd frå Vegdirektoratet i Oslo. Det er sjølv sagt uheldig viss prosjektet blir utsett. Likevel er det slik at ein må gjere dei planmessige rette grepa i eit vegprosjekt som skal ha ein samfunnsmessig svært viktig funksjon i denne landsdelen dei neste 200-300 år. Ein ny reguleringsplan kan innebere at tunnelinnslaget blir flytta lengre nordover i Bokn kommune. For Bokn er det

bare bra at ein mindre del av E39 skal gå i dagsonen.

Bokn kommune får elles del av ansvaret for brann- og sikring i tunnelane, og ynskjer difor å planlegge på ein måte som reduserar farane ved å kjøre i Rogfast. Beredskapsmessige forhold tilseier såleis at det kan vera eit avbøtande tiltak å planlegga for 5% stigning då me veit at dette til eksempel kan redusera faren for varmgang i bremsene på vogntog.

Eg håpar Vegdirektoratet er snare til å konkludera slik at dei plan- eller søknadsprosessane som må til, kan setjast i gang. Det gjeld om at ei eventuell utsetjing av prosjektet blir så kort som mogleg!

*Ordføreren*

## Innbrot i Bokn

Jardar Havikbotn

### Tre hus, eitt i Alvestadkroken og to på Grønnestad, hadde innbrot natt til 14. mai. Ein person er mistenkt.

Bokn-innbrota blir sett i samanheng med tilsvarende innbrot i Slåttevik same natt. Politiførstebetjent Atle Torbjørnsen ved Tysvær lensmannskontor, fortel til Bokn Bygdablad at det blei stole bærbart datautstyr, dette inkluderer også mobiltelefonar. 27. mai blei det sett i gong etterforskning mot ein person. Den mistenkte er norsk, og dermed kan ein leggja loka på ryktene om romfolk eller andre utlendingar.

### Avslappa tider forbi

I fleire av husa som fekk ubedne gjes-ter 14. mai, var ikkje alt lukka og låst. Torbjørnsen presiserer at folk må passa på at vindauge, altandører, ytterdører, m.m. er låste. I Bokn har det, for mange, vore tradisjon å ikkje låsa.

- Dei avslappa tidene er forbi på Bokn, seier politiførstebetjenten, og legg til at ein ikkje må la datautstyr, nettbrett og telefonar ligga synleg (framfor vindauge, glassdører, osv.).

### Ring 52 75 48 00

Det er også lurt å notera seg kjenne-merke på mistenkelege bilar, som sakte snokar rundt. Ved å ringa dette inn til lensmannskontoret, får dei lagt det inn i vaktjournalssystemet sitt.

- Det er lov å bry seg, vera



**- Me vil følge opp denne saka og håpar å få ho oppklart, seier politiførstebetjent Atle Torbjørnsen.**

**Foto: Einar Endresen**

“nabokjerring”, og ikkje vera redd for å ringa politiet.

Dersom du oppdagar at det har vore innbrot, må du ringa med ein gong. Slike saker blir prioriterte og det vil bli sendt ut patrulje. Det er også ein sjanse for å fanga opp gjerningspersonane på vegen.

- Me vil følge opp denne saka og håpar å få ho oppklart, avsluttar politiførstebetjent Atle Torbjørnsen.

# Barnehageutbygging etter planen

Jardar Havikbotn

3. juni såg det slik ut på byggeområdet ved Bokn barnehage. Det nye påbygget på 200 m<sup>2</sup> skal vera ferdig 31. oktober i år, og det er byggefirmaet Dommersnes og Larsen AS som utfører arbeidet.

Styrrar Anne Ottem seier at personalet gler seg veldig, og nemner at i samband med det nye bygget skal den pedagogiske plattformen reviderast, og det vil koma ein ny årsplan.



# Nytt politisk engasjement

Hanne Marte Vatnaland

**Onsdag 17. april vart Bokn Senterungdom stifta på Boknatun.**

Lokallaget vart oppretta med besøk av sentral nestleiar i Senterungdommen Gunnar Kaus, som syns det var veldig kjekt å få besøke Bokn under sitt første Rogalands besøk. Ordføraren var også innom og rosa Senterungdomane for sitt engasjement, og understreka kor viktig det er for Bokn med eit levande politisk miljø, og kor mykje innflytelse det faktisk er høve til å ha i landets små kommunar.



**Det ferske styret i Bokn Senterungdom, fv. Roar Medhaug (leiar), Sandra Jøsang (styremedlem), Remi Andre Jøsang (kasserar), Emilie Moi Eikje (styremedlem), Eivind Moi Eikje (styremedlem) og Amalie Våga (sekretær).**

Allereie dagen etter kom gladmeldinga om nattbuss til Bokn, ei sak som Emilie Moi Eikje har vore pådrivar for.

Ho seier ho er veldig nøgd med at kommunestyremedlem for SP, Trond Nedrebø tok saken vidare direkte til

Kolombus, og at ein som ung og engasjert blir utruleg motivert når ein opplever at saker ein står på for blir realitet.

# 17. mai med (nesten) alt

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kjetil Hamre

Det var der i år også. Salutten frå Boknafjellet, gudstenesta, blommar til minne om dei falne under krigen, korpset, folketoget, flagga på lyktestolpane, konserten ved sjukestova, kapproinga i Føresvik, pynta skule, appell, allsong, korsong, trialoppvisning, 9. klasse, og alle dei lag og organisasjonar som gjer dagen til ein festdag. Vêret var der også, men finkleda blei stort sett skåna for regn og vind denne gong.

## Tale

Men det var noko som ikkje var der, og det var festtalararen. Tidlegare fylkesordførar, Tom Tvedt, kunne ikkje koma av personlege orsaker. 17. mai-komiteen hadde fått tak i Tvedt allerede i januar, og mange hadde sett fram til å høyra han. Då erstattaren hans, fylkesstyreleiar i KSRogaland Hilde Gunn Bjelde, melde avbud om ettermiddagen dagen før, blei det heile litt tragikomisk. Men leiaren i 17. mai-komiteen, varaordførar Lars Norekvål, hadde forberedt ein utvida velkomsttale. Det viste seg at han er ein god retorikar, og det blei eit flott plaster på såret. Då fire ungdomsskuleelevar i tillegg hadde framført ein god appell, var saknet etter ein ekstern talar borte.

## Barnekor

Noko som ikkje er der neste år er barnekoret, i alle fall ikkje med Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland og Venetil Birkelund i spissen. Dei tre dame- ne gir seg etter 15 år, og skal ha ein stor takk for å ha spreidd glede saman med barnerøyser i bygda i så mange år. At barnekoret syng står framfor avslutninga i det offisielle programmet for nasjonaldagen i Bokn, har stått i svært mange år, og det blir nok litt rart for mange til neste år. Kanskje Boknakoret tar over denne program- posten, det var i alle fall kjekt å sjå dei på scena tidlegare på dagen - nå også med mannfolk i rekkene.

Ein flott og minnerik grunnlov- dag 2013 går inn i historie- bøkene. Så får me sjå kva som er der til neste år...



**Appell av fv. Gina G. Johannessen, Ida Havikbotn, Simmen Karoliussen og Jonas L. Faye.**

## Gratulera med dagen! ☺

Henrik Wergeland sa ein gong på 1800 tallet at 17. mai fyst og fremst e ein dag for barnå. Han skreiv i fysta vers av *Vi ere en nasjon vi med*:

*Vi ere en nasjon vi med,  
vi små en alen lange,  
et fedreland vi frydes ved,  
og vi, vi ere mange.  
Vårt hjerte vet, vårt øye ser  
hvor godt og vakkert Norge er,  
vår tunge kan en sang blant fler  
av Norges æres-sange.*

På skulen har me lert at i ca fira hundre år, fram te 1814, va me i union med Danmark. Å vær i union med noen, betyr at me ikkje få bestemta alt sjøl. Me bestemte at me ikkje lenger ville værã avhengig av noen, men me ville bestemta sjøl. Derfor lagte me grunnloven, som va klar i nettopp 1814. Men det sko ikkje gå heilt sånn som me ville. Sverige va nemlig veldig interessert i oss og me blei gitt som krigsbytte te di som takk for at de hjalp te å vinna krigen mot Napoleon. Nok ein gong hadde me ikkje møkje me sko ha sagt, te tross for at me hadde fått oss ein grunnlov.

Siden 1905 har me vore egen nasjon, med unntak av dei vonde krigsårå, der me va okkupert av tyskarane. Som me alle vett, va jødane hata og forfulgt onna 2. verds- krig. Sjøl me i Norge behandla jødane dårlig ved å ikkje gi de tilgang te landet vårt. I grunnloven frå 1814 sto det nemlig svart på kvitt at de ikkje va ønska her, men heldigvis jobba Wergeland for rettighetane derras, sånn at de itte 1851 fikk komma inn i landet vårt.

Og i dag, 162 år seinare, e me lika stolte av landet vårt og vil at andre, uansett bakrunn, farge, utseende og kultur ska værã velkommen her.

*Vårt hjerte vet vårt øye ser  
Hvor godt og vakkert Norge er*

La oss aldri glømma dessa strofene te Wergeland, men minna oss sjøl på kor heldige me tross alt e. Å siden Wergeland meinte at 17.mai sko ver barnas dag så syns me at alle dåkke foreldre ska gi ungane dåkkas så møkje is di ber om i dag. **Ha ein fortsatt fin dag videre!** ☺

**Leiã av 17. Mai- komiteen, Lars Norekvål, tok grep då ekstern festtalar glimra med sitt frãvær.**



**Folketoget**



# Takk til barnakoret!

Reidar Alvestad

**17. mai i år hadde barnakoret i Bokn sine siste framføringar. Det skjedde først som innslag i gudsteneista på føremiddagen, og seinare under 17. mai programmet på Bokn skule.**

Barnakoret vart starta opp i august 1998, og har såleis vore aktivt i nesten 15 år. På det meste var dei 23 medlemmer, men talet har variert ein del i dei åra koret har vore i aktivitet. Det var soknerådet sitt dåpsopplæringsutval i samarbeid med den såkalla songkvartetten som tok initiativ til å starta opp. Dei vaksne i songkvartetten som seinare vart til songtrioen, hadde øvingar med koret annakvar veke i auditoriet på skulen, og øvde stadig inn nye songar.

Barnakoret var opp gjennom åra med på mange arrangement i bygda. Dei fornya seg stadig, og var eit friskt pust der dei deltok. Stor takk til Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland og Venevil Birkelund i songtrioen som gjennom så mange år har hatt ansvaret for øvingar og konsertar – og saman med koret har gleda oss andre.



**Barnakoret på Bokn skule 17. mai i år. Dei tre vaksne frå venstre er Maria Nilssen, gjestesolist, May Jorunn Vatnaland og Oddrun Nilssen.**

**Foto: Kjetil Hamre**

Etter korsongen i kyrkja 17. mai, takka leiaren i dåpsopplæringsutvalet/leiar i soknerådet Sigrunn Hole Hosaas koret, dirigent Oddrun Nilssen pluss May Jo-

runn Vatnaland og Venevil Birkelund (sistnemnde var bortreist) for arbeidet dei har lagt ned, og overrekte dei kvar sitt smykke og blomar.

# 50 på juniordisko

Tekst: Cecilie Odland - foto: Simmen Karoliussen

**Fredag 24. mai braka det laust med juniordisko på Petra for 1.-7. klasse. Det var eit ønske som borna gav uttrykk for når det var minikonferanse i november 2012.**

Styret på Petra fann ut saman med ungdomsarbeidar og folkehelsekoordinator at eit juniordisko skulle me få til, eitt til våren og eitt til hausten. Invitasjonar vart sende ut i klassane i god tid før den aktuelle kvelden.

Me var alle spente på kor mange som ville møte opp sidan me hadde høyrte at det var speidarleir denne kvelden. Kjekt var det då me opna dørene og køane blei lengre og lengre i kiosken.

**Heile 50 stk inkl. Petra-styret var på juniordisko. WOW for eit oppmøte:)**



**To som visar at dei kan «breakdance»**



## Føresvik Terrasse tar form

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Odd Øyvind Hognaland

### Tre av fire leiligheiter er selde. Dei skal vera innflytningsklare i januar 2014.

Den siste bustaden på 62m<sup>2</sup> blir sannsynlegvis annonsert etter sommarferien.

- Interesse var veldig bra, og leiligheitene var ikkje annonserte lenge før dei var selde. Eg har vore så heldig å kunna prioritera unge som ville etablera

gjennom sitt firma, *Nordbohus Haugaland AS*. Med Odd Grønnestad som grunnentreprenør og *Tindelands rør AS* ved Ingleif Kro som rørleggar, blir dette et "Boknaprosjekt".

Alle leiligheitene har tilhøyrande carport og sportsbod. Dei to på 62m<sup>2</sup> har eitt-to soverom, og dei på 88m<sup>2</sup> har tre-fire soverom. Alle bustadene er lyse, med flott utsikt over Boknasun-

eigeninnsats spara penger, samt å setta sitt eiga preg på leiligheitene. Dei kan også sjølvstøtt leverast nøkkelferdige etter ønska kvalitet og utsjånad. Prismessig er dei gunstige med kr. 1.510.000 for 62m<sup>2</sup>, og kr. 2.140.000 for 88m<sup>2</sup>.

Lars seier at sjølve byggeplanane går etter planen. Dei blei forsinka av klage som medførte to rundar i Forvaltnings-



- Ingenting å seia på utsikta, seier fh. Lars Norekvål og Eiliv Staalesen.

set i kommunen, fortel Lars Norekvål. Han gjennomfører prosjektet åleine, gjennom sitt firma *Bokn Eiendom AS*.

### "Boknaprosjekt"

Eiliv Staalesen har totalentreprisen

det/Føresvik.

### Nøkkeklart eller eigeninnsats

I utgangspunktet er bustadene klare for eigeninnsats. Kjøparen kan sjølv leggja parkett og sparkla/mala vegger og tak. På den måten kan ein med litt

styret, og til slutt låg det fem månader hjå Fylkesmannen. Der fekk dei fullt medhald, men det medførte prisstigning for både entreprenør og kjøpar.

- Bygget har ein fremdriftsplan som seier ferdig innflytningsklart i januar 2014, men me satsar på at det er klart før jul, avsluttar Lars Norekvål.

## Fra barnemunn:

Familieplanlegging er noe moren driver med når hun flytter på møbler mens de andre sover. (Jente 6 år)

Familieplanlegging var noe de drev med i gamledager før lyden ble funnet opp. Da hadde man bare stumfilm og da måtte man skrive brev til hverandre. (Gutt 6 år)

Mange forelskede blir litt dummere. Litt bortreiste i sitt eget ytre landskap

liksom. (Gutt 9 år)

Utseende har ingenting å si. Se på meg - jeg er veldig kjekk, men har allikevel ingen å gifte meg med. (Gutt 7 år)

Folk som er forelsket holder hverandre i hendene så ikke ringene skal falle av, for de koster mange penger. (Jente 7 år)

Noen lesbiske blir forelsket i det annet kjønn. Det er ikke spesielt morsomt eller spesielt rart. Det er faktisk helt

unaturlig, så det er ikke noe å snakke høyt om. (Jente 8 år)

I gamledager sa man "Jeg elsker deg" til folk. Nå trenger man heldigvis ikke å anstrenge seg så forferdelig skrekkelig lenger. Jeg tror det holder at man sier: "Kom hit!". (Gutt 8 år)

Hvis man elsker noen, så blir man veldig usymmetrisk og klarer ikke å tenke helt rent. Det tror jeg er gøy. (Gutt 6 år)

Kjelde: Internett

# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 4 1993

## FORMANNSKAPET SA NEI TIL ØLSAL

KOMMUNESTYRET AVGJER SAKA 25. MAI

Det var stort fleirtal mot endring av nåverande praksis m.h.t. ølsal i Bokn kommune då formannskapet behandla saka den 27. april. Rådmannen sitt framlegg om å gi løyve til sal av øl over disk i kl. 2 til Steinar Alvestad og Bokn Handelslag fekk berre støtte av Høgre sin representant. Dei to frå Senterpartiet og den eine frå Krf. støtta Leif Vatnaland sitt framlegg om at søknadene ikkje skulle imøtekomast. Arbeidarpartiet sin representant gjekk frå som ugild då han er formann i styret for Bokn Handelslag.

I tillegg foreslo Sigurd Johnny Svendsen at rådmannen sitt framlegg om oppnemning av eit kontrollutval som skal ha ansvar for å utøva kontroll med sal av øl i Bokn kommune vart vedtatt. Det vart foreslått at helse- og sosialstyret skulle ha denne funksjonen. Dette vart samrøystes vedtatt.

Saka om ølsal over disk i Bokn kommune er likevel på ingen måte avgjort. Ho skal opp i kommunestyret den 25. mai. Ut frå røystinga i formannskapet og frå praksis i andre kommunar må ein rekna med at Krf. og Høgre sine representantar sannsynlegvis har tatt standpunkt.



Det er nok Arbeidarpartiet og Senterpartiet sine representantar som med si røysting vil avgjera dette. Når ein i tillegg veit at det vil koma inn varamenn, er det svært usikkert kva resultatet blir.

Det kan nok like lett vippra over på det eine som det andre.



post@bygdabladet.no

## Gratulerer!

MMS: 98 22 15 08



**Trym Karoliussen - 7 år, 22. mai.**

Vi vil gratulere Trym med 7 års dagen 22. mai!

**Hilsen mamma, pappa og Simmen.**



**Åse Karin Vatnaland - 50 år, 22. mai.**

Vår alle tiders kollega, Åse Karin Vatnaland fyller 50 år 22. mai. Me ønsker deg ein flott dag!

**Hilsen små og store i Bokn barnehage :-)**



**Simen Havikbotn - 16 år, 10. juni.**

Me vil gratulera så mye med dagen!

**Hilsen mor, far, Ida og bestemor.**



# Trialsesongen i gang

Ragnhild Trosnavåg

Den offisielle trialsesongen startet med NorgesCup i Valle, Seterdalen. Etter litt spenning i forkant om det forsvant nok snø til at en kunne klare å arrangere løp, kom klarsignalet en god uke før løpet: dette skal gå.

Fire forventningsfulle gutter reiste av sted, spente på om vinterens trening og sykkelbytte ga resultater. I Valle lå det fortsatt store snøfonner, men det var laget fine seksjoner.

Sverre Trosnavåg og Erik Nilssen har gått opp i C-klassen (15 års klassen) dette året. Her klarte de seg bra, Sverre tok 2. plassen og Erik 6. plassen. I år kjører både Sander Jøsang og Bjørn Ove Jøsang i B-klassen (16 års klassen). Dette er en av de største klassene og begge to kjørte et godt løp, resulterte i 7. plass til Sander og 11. plass til Bjørn Ove.

## Nordisk Mesterskap

I langhelga med Kristi himmelfartsdag var det mye trialkjøring. Vi reiste til Søgne onsdag kveld, for å trene sammen med vennskapsklubben vår fra Danmark.

Fredagen var det å flytte oss til Sørlandsparken, Kristiansand. Her ble det arrangert Nordisk Mesterskap i Trial. Lørdagen var det individuelt, her kjørte boknaguttene i den uofisielle klassen Open B. Her tok likeså godt Sander og Bjørn Ove de to første plassene, med Sverre og Erik på 8. og 9. plass.

Dette ga gode odds for lagkjøringen på Søndagen. Her deltok guttene under navnet B-gjengen, og slo like godt til og vant klassen sin. Klubben stilte også med seksjonsdommer begge dagene.



Sander (th) og Bjørn Ove Jøsang fornøyde etter 1. og 2. plass i Nordisk Individuelt klasse Open B, Sverre Trosnavåg og Erik Nilssen fikk 8 & 9. plass i samme klasse.

## RogalandsRunde

Endelig kunne sesongen også starte for de som er for små til å kjøre konkurranse. Første runde i Rogalandsrunden ble arrangert på Riska, Hommersåk. Her tok Stian Øvrebø, Henrik Ognøy Våge og Trym Karoliussen turen for å kjøre oppvisning. De hadde en kjekk dag med mye kjøring, og til slutt fikk de pokaler.

I B-klassen tok Bjørn Ove en knepen seier over Simon Stenvik, Vaulali og Sander på 3. plass. Sverre og Erik 3. og 5. plass.

Søndagen var det klart for første runde i SørCupen. Denne cupen er for sørlandsklubbene + Rogaland. Seksjonene var lagt litt om fra lørdagen og noen nye seksjoner. Boknaguttene vis-

te seg nok en gang til å være fullt på høyde med konkurrentene, Sverre og Erik kapret de to første plassene i C-klassen. Sander 4. plass og Bjørn Ove 6. plass i B-klassen.

## Spennende sesong

Dette er starten på en spennende sesong, med to store mål, først EM i Oslo og som avslutning på sesongen NM-Lag i Bergen. Klubben skal selv arrangere en Rogalandsrunde søndag 8. september. Guttene og støtteapparatet rundt dem blir lagt merke til på en positiv måte, og er god reklame for klubben og kommunen. Det er alltid plass for nye kjørere i klubben. Vi har nå en fin gjeng som trener, og mange av dem skal kjøre løp/oppvisning på Karmøy i juni.

## KULTURKALENDEREN

Endringer/nye arr. er **markerte**

### Juni

- 02. Normisjonsmøte bedehuset kl 19.00
- 05. Bokn sanitetsforening har basar på skulen
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste 11.00 i Loten
- 19. Soknerådsmøte på bedehuset
- 23. **Mosjonsdag, sjå s. 17**

### Juli

- 13. **Sommermarked på kaien i Føresvik**
- 13. **Utedans på kaien i Føresvik, Roger Handeland m/band**

## Gymsal, kveld - oppdatert 11.04.13

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn skulekorps Bokn Brass	17.45 - 20.00	L. Grønnestad
		20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Barnetrim Seniordans Friskis & Svettis	16.30 - 17.30	C. Øvrebø
		17.30 - 19.30	A. L. Hoffmann
		20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett Fotball G9	16.15 - 17.00	S.O. Alvestad
		18.00 - 19.30	Trond Foss
Tor	Fotball G10 Friskis & Svettis Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00	Erik Våga
		19.00 - 20.00	Anne L. Faye
		20.00 - 22.00	Trond Vatnaland



# Engasjert rektor

Jardar Havikbotn

**Jarle Nilsen har nå vore rektor ved Bokn skule i ni månader. 46-åringen driv også med utdanningspolitikk i Rogaland fylkeskommune, og har ein del nytte av dette i jobben.**

Då han byrja i Bokn 1. september i fjor, hadde han vore ordførar på Utsira sidan 2007. Før dette var Jarle rektor i fire år ved skulen på øya vest i havet. Nå har sirabuen selt huset der ute og flytta til Åkra saman med kona og jentene deira på 7, 10 og 12 år.

Etter å ha vore blå russ ved Vardafjell vgs i Haugesund, tok han eitt år med økonomi/administrasjon ved Haugesund Maritime Høgskule, seinare ein del av Høgskulen Stord/Haugesund. Han var revisor aspirant ved Hordaland fylkesskatteskattkontor i Bergen, jobba også ved Rogaland fylkesskatteskattkontor før han tok Skatteetatskulen i Oslo.

Etter revisoreksamen har han hatt arbeid ved Sentralskatteskattkontoret for utenlandssaker, Nopef, seinare Industri Energi (fagforening for oljearbeidarar i Nordsjøen) i Stavanger og Kapitalforum i Haugesund. Turen gjekk heimatt til Utsira i 2002, kor han fekk seg jobb på Utsira servicesenter, før det som nemnt blei skule og politikk i Noregs minste kommune, målt i folketal.

I fylkespolitikken har sirabuen vore med i Opplæringsutvalet sidan 1999. Jarle er også medlem av Yrkesopplæringsnemnda og Inntaksnemnda. Han var leiar av Utsira Arbeiderparti i 10 år og gjekk av i vår.

## Klasseleiing

Før han blei rektor i Bokn, hadde skulen bestemt at dei skulle vera med i eit skuleutviklingsprosjekt gjennom Haugalandsløftet, *Relasjonell klasseledelse*, i regi av *Senter for Praksisrettet Utdanningsforskning*. Jarle er glad for at Bokn skule er ein av ni skular på Haugalandet som deltar i dette satsingsprosjektet.

- Å ha gode, stødige og dyktige leiarar som undervisningspersonell er det viktigaste satsingsområdet ein kan gjera i skulen for å betra resultatet og trivselen for elevane, seier rektoren, som er



Jarle Nilsen

veldig fornøgd med personalet ved skulen, og fortel om høg kompetanse, aktive, interesserte og engasjerte tilsette, som gjer meir enn man kan forventast av dei.

- Fagleg er det også høg standard på lærarane våre, synest eg.

Apropos fag. Jarle er opptatt av at skulen i dag ikkje må gløyma at det er faga elevane skal læra. Han meiner det er for mykje fokus på sosialisering av elevane.

- Det er viktig å ha gode planar og fokus på trivselsprogram, men samtidig må ein ikkje gløyma at det er fagene ein skal læra. Lærarane skal ha fokus på si eiga fagoppdatering, men også at timane blir brukte til undervisning i faga, meiner Jarle.

Han presiserer at det er læreplanen som skal styra aktiviteten på skulen.

- Kontaktlærarar i dag bruker for mykje tid på å informera og kontakta heimen i forhold til det å planlegga undervisninga. Dette er ei utfordring for skule-Noreg, også for Bokn skule, som i følge rektoren vil ha særleg fokus på målarbeid framover.

## Fysisk aktivitet

Meir organisert fysisk aktivitet for det

Jarle kallar iPad-generasjonen er viktig, spesielt i friminutta. Han fortel at skulen har knyttast seg til noko som heiter *Trivselsprogrammet*. To elevar frå kvart steg blir valt til trivselsleiarar, og blir kursa i korleis dei skal få opp aktiviteten til elevane, samtidig som også lærarane blir kursa opp i mot det. Det skal også kjøpast inn ein del utstyr. I tillegg til helseeffekt håpar han også at meir organisert aktivitet i friminutta skal få vekk knuffing og andre konflikter blant elevane.

Jarle er blant dei som kunne tenkt seg fysisk aktivitet i undervisninga kvar dag, men med dei rammene som er får dei ikkje til dette. Då må det ekstra bevilgningar til.

De blir også jobba ein del med vakseoppplæring på skulen. I eit samarbeid med Bokn Plast har det dette skuleåret vore norskopplæringskurs for 40 personar. Ein lærar har tre klassar, ein dag i veka.

Den engasjerte rektoren brukar 95% av fritida si til politikk, i alle fall ut inneverande politiske periode.

- Viss eg skal endra på noko her må det bli noko humanitært, som t.d. Røde Kors, avsluttar Jarle Nilsen.

## Send inn bilder til bokn.no!



Foto: Jørgen Nilssen

I toppen på bokn.no rullar det bilder i 1200x230. Send gjerne inn bilder som kan skjeraast slik, så ser du det kanskje igjen på heimesida til kommunen.

Hugs på at alle mobilbilder ikkje kan brukast. Det er viktig at innstillingane her står på max oppløysing. **Knips og send til post@bygdbladet.no**

# Aktivitet i Hålandssjøen

Kyrre Lindanger

Det er lagt ned mange dugnadstimar i hamna i Hålandssjøen og mykje står endå att. Men gradvis fell elementa på plass som gjer at området og småbåt-anlegget får ei heilskapeleg utforming, noko som også vil auka aktiviteten og bruken av området. Grunnarbeida med den nye moloen i Hålandssjøen var ferdige i januar og i løpet av våren begynte Bokn Båtforening å opparbeide det som trengst til ei moderne småbåthamn. Straum blei ført ut til bryggeanlegga og samstundes blei det lagt til rette for vatn. Fem nye straumpålar blei kjøpte inn av båtforeninga og montert på den nordre brygga. I tillegg blei det lagt grus på parkeringsplassen ved trafostasjonen i Havnavegen.

## Mange dugnadstimar

I slutten av mai blei det kjørt ut singel på sjølve moloen. I tillegg blei delar av vegen ned til hamna grusa opp, og det blir nå lagt til rette for ein gangveg i aust til Knarholmen. Det er elles yn-



Det er lagt ned mange dugnadstimar i Hålandssjøen. Her frå dugnaden 23. mai.

skjeleg at moloen får «sett» seg nokre år før det blir lagt fast toppdekke. I løpet av sesongen skal det monterast ei rad med lysøyler i tilknytning til brystvernet, og eit gatelys, som skal

markera innseglinga, vil bli sett opp i enden på moloen. Etter planen skal det også inneverande båtsesong setjast ut parkbenkar og monterast livredningsbøyer på moloen.



## PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE SKULEÅRET 2013/2014

**Søknadsfrist:**  
**Tysdag 18. juni 2013.**

### Kulturskulen tilbyr undervisning i følgjande musikkgreiner:

• **Piano:** Lærer: **Venevil Birkelund.**  
20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 670,-.

• **Gitar og trommer:** Lærer: **Kristoffer Vincent Hanssen.**  
Undervisning måndag og tysdag.  
20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 670,-.

• **Band:** Lærer: **Kristoffer Vincent Hanssen.**  
Bandinstrument i gruppe.  
Alder: Frå 6. klasse og oppover.  
Undervisning måndag/tysdag.  
60 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 530,-.

• **Boknakoret:** Dirigent: **Anne Tove Øvrebø.**  
Alder: Frå 8. klasse og oppover.  
Koret har øving tysdag kl. 18.30 - 20.00.  
Pris pr. halvår kr. 530,-.

Søskenmoderasjon: 30 % på rimelegaste tilbod.

### Bindingstid

Påmeldinga er bindande for eit halv skuleår (eitt semester) om gongen. Eleven får tildelt plass i kulturskulen for eitt år (haust og vår 2013/2014). Skulle ein ikkje ynskje å fortsetje i kulturskulen til våren, må ein gi **skriftleg beskjed om utmelding til underteikna innan 10. desember 2013.** Gir ein ikkje beskjed om utmelding, vil ein bli fakturert også for vårsemesteret.

Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.



### Søknad og opptak

Dei som får tildelt plass, får melding om dette ved skulestart hausten 2013. Då kjem også nøyaktig tidspunkt for den enkelte undervisningstime.

Dersom ein ikkje skulle få tildelt plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig.

### Fakturering

Faktura vil bli sendt forskotsvis, altså ved starten av semesteret.

Håpar på god pågang, og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

**Påmeldingsskjema neste side.**

Med vennleg helsing  
Rektor i Bokn musikk-  
og kulturskule  
**Anne Tove Øvrebø**  
Tlf.: 41 68 33 44



**PÅMELDINGSSKJEMA**  
**BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE 2013/2014**

<b>Påmelding til individualundervisning og kor.</b>					
Set kryss i ruta under den aktiviteten du ynskjer.					
<b>Namn på søkjar</b> ↓	<b>Piano</b> Set X	<b>Gitar</b> Set X	<b>Trommer</b> Set X	<b>Kor</b> Set X	<b>Merknad</b> (Er det t.d. ein dag det ikkje passar med undervisning?)

<b>Påmelding til band.</b> Set kryss i ruta under det instrumentet du ynskjer.					
<b>Namn på søkjar</b>	<b>Piano</b>	<b>Trommer</b>	<b>Song</b>	<b>Gitar</b>	<b>Bass</b>

Eg har lese, og godtek, vilkåra og bekreftar påmelding til Bokn musikk- og kulturskule for skuleåret 2013/2014.

Underskrift: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_  
 (Av føresett dersom søkjar er under 18 år) (Dersom beskjedar skal formidlast)

Skjemaet leverer du på skulekontoret, Bokn Skule, eller på Servicetorget, Boknatun.

**Søknadsfrist: Tysdag 18. juni 2013.**



# Då Bokn blei eigen kommune

Birger Lindanger

## Det fyrste valet


Det fyrste kommunevalet fann stad på hausttinget for Bokn 28. oktober 1837 under administrasjon av fogden og lensmann Asseldal. Lensmann Asseldal var det også som kalla inn til møte hjå gjestgjevar Andreas Hansen i Åkrahamn. Tidleg fredag morgon drog eit lite fylgje boknarar: Torbjørn Larsson Nerabø, Ingebret Laupland, Torkel Jonsson Vatnaland og Lars Nilsson Sæbø mot Kopervik for sidan å traska til Åkra.

Vel framme kunne lensmannen orientera om at Falnes prestegjeld nå var eit formannskapsdistrikt – det vil seia ein eigen kommune. Sidan prestegjeldet var delt i fire sokn: Bokn, Ferkingstad, Falnes og Åkra blei det også slik i den nyskapte kommunen. Dei to største sokna, Åkra og Falnes fekk to representantar i formannskapet kvar og seks i heradsstyret medan Bokn og Ferkingstad måtte nøya seg med ein kvar i formannskapet og tri i heradsstyret. Det innebar at heradsstyret fekk i alt 18 representantar og formannskapet seks. Torbjørn Nerabø blei så vald til formannskapsrepresentant frå Bokn medan gjestgjevaren, Anders Hansen, blei vald til ordførar og Jørgen Sandve til varaordførar.

## Lausrivinga

Bokn fekk altså sjetjeparten av det felles heradsstyret og formannskapet. Men lange og vanskelege avstandar gjorde at bygda fekk etter mindre å seia enn denne brøken kunne tyda på. Mellom Karmøy og Bokn låg nemleg det vêrutsette Karmsundet. Svært ofte stoppa vêret boknarane frå å møta både til kommunale samlingar. Ei anna sak var at medan heile karmøydelen av heradet verdsleg sett høyrde til Stangaland skipreide, låg Bokn saman med Tysvær til Hetland skipreide. Dessutan var Bokn i denne perioden både økonomisk og busetnadmessig inne i ein rivande vokster. Medan folketallet i soknet låg på kring 730 i 1837, auka det med 32% til om lag 960 i 1850.

Dette gjorde at Bokn kom i tankar om fri seg frå Skudenenes herad og Falnes prestegjeld. Difor slutta dei seg straks til initiativet frå amtmannen. Den 9. november 1843 orienterte han Skudeneshavn kommune om planane om eit nytt prestegjeld ved å skilja Tysvær ut frå Skjold prestegjeld og Bokn sokn frå Falnes prestegjeld. I Skudenenes heradsstyret tykte dei dette var eit framifrå forslag, ikkje minst fordi boknarane blei mykje hefta av dårleg vêr. Slik starta lausrivingsprosessen som enda



Den 8. september 1848 deltok Bokn sokn i det siste felles heradsstyremøtet med resten av Skudenenes herad. Her blir det søkt amtet om at når Bokn sokn nå blir lagt til eit anna prestegjeld at det også "maatte komme til at utgjøre sin egen Commune adskilt herfra". Møtet er mellom anna signert Augustinius Søndeland, Daniel Trosnevog og Lars Lodden, alle med ført penn.

opp med Bokn som ein sjølvstendig kommune.

I perioden som fylgde, var spørsmålet om boknakerkja og fråskiljinga av Bokn sokn til det nye prestegjeldet oppe på mest kvart heradsstyremøte. Nokre av dei blei haldne i Bokn og somme møte var i lag med heradsstyreprerentantar frå Tysvær. I samband med innviinga av den nye boknakerkja i 1847, blei så soknet slege saman med Tysvær sokn til eit nytt prestegjeld.

I september 1848 gjorde heradsstyret eit samrøystes vedtak om at når Bokn sokn var rive laus frå Skudenenes prestegjeld, laut den verdslege lokalstyringa fylgja etter. Det blei vist til at det elles ville bli nokså tungvint og vanskeleg for boknarane og at dei helst burde få bli ein kommune for seg.

## Eit vanskeleg fellesskap

Det siste felles heradsstyremøtet gjekk av stabelen den 8. september 1848. I løpet av året som fylgde, blei det ikkje kalla inn heradsstyremøte med Skude-

nes, men den 18. desember 1849 blei det halde eit felles kommunestyremøte med Tysvær. Temaet var dei praktiske utfordringane som fylgde av at Bokn og Tysvær var blitt eit prestegjeld. På den eine sida var boknarane med på å ta ansvar for presteskysse, på den andre sida nekta dei plent å yta noko til bygginga av den nye prestebustaden i Tysvær. Dei var også lunkne til å delta i bygginga av ein ny veg frå Tysværvåg til Slåttevik som trongst for at presten skulle koma seg til Bokn vinterstid.

Formannskapsmøta med Skudenenes heldt likevel fram som før, i alt fem i talet. På det siste som blei halde 22. november 1849 var dei mest opptekne av den vanskelege skabbsjuka på sau. Det blei sett ned ei eiga skabbsjuknemnt som skulle ta fatt i problemet: Hans Andreas Våga, Peder Torland, Hans Loden og Tomas Are. Vidare blei det vald eit nytt fattigstyre med Kristoffer Øvrabø som styrar, Ole Nerabø som tilsynsmann og Ingebret Laupland som rodemeister. Endeleg blei det vald ny ordførar og varaordførar for det



**Den fyrste ordføraren i Bokn, Lars Rasmussen Loden.**

som var att av heradet etter at Bokn skulle ut.

Sidan var det å førebu Bokn som eigen, sjølvstendig kommune. Det var semje om at han skulle ha tolv representantar og eit formannsskap på tri. Det blei halde val, og kring kvar sjette veljar blei røysta inn i det fyrste kommunestyret. Lars Loden, Daniel Trosnavåg, Anders Kro, Lars Vatnaland, Tomas Are, Ingebrekt Are, Bjørn Nerabø, Lars Håland, Peder Torland, Henrik Økland og Roald Jøsang blei så valde som dei fyrste kommunestyre-representantane.

#### **På egne bein**

Frå 1. januar 1850 skulle så Bokn stå på egne bein. Men sidan sildefisket starta mest samstundes, laut ein venta med å konstituera den nyfødde kom-

munen. Fyrst då sildefisket var over den 18. mars 1850 kalla Bokns formannskapsrepresentant, Lars Loden, representantane til møte i Føresvik – truleg i det store tristovehuset til "Larsen i Vigjå - for å velja nytt formannsskap, ordførar og varaordførar. På sett og vis kan me altså seia at 18. mars der Bokns nasjonaldag.

Som ordførar valde dei Lars Rasmussen Loden og til varaordførar Daniel Trosnavåg. Lars kom frå ein sær gåverik familie frå Loden og var då 35 år gammal. Som sin næraste støttespelar hadde Lars også den velståande Daniel Trosnavåg. Han var av den gamle trosnavågslekta med eit omfattande nettverk og ressursar nok til å fylgja etter Lars som ordførar. I det heile hadde begge desse gode kvalitetar til å ta hand om den nyskapte kommunen.

#### **Den fyrste fridomstida**

På kyrkjebakken fyrst i juni blei det så lyst til kommunestyremøte søndag 30. juni på Håland. Og med eit unnatak møtte alle representantane. På møtet var det oppe til handsaming fire saker. Den fyrste, største og viktigaste var kva som skulle gjerast med den svære kyrkjeggjelda. To av bygdas fremst menn hadde sett seg i stor gjeld og hadde pantsatt eigedommane. Nå blei det gjort vedtak om å oppmoda folk flest om å bidra til å sletta gjelda.

Deretter blei "Mons Vigjå" og Lars Vatnaland valde som revisorar for kyrkjerekneskapen og det blei vald revisorar for kommunerekneskapen. Til sist blei det samrøystes vedteke å gje dei som ulovleg innførte sau, skulle få ei bot som beit. Det fyrste formannskapsmøtet blei så halde 20.juli på Boknaberg. Der var bare ei sak oppe, å setja kapiteltakst på korn. Det vil seia at dei kom med ei vurdering av kva

prisen på dei ulike kornslaga.

#### **...ver sine stridende inträser.**

Men så kom sjokket, frå styresmakterne kom det ordre om at Bokn skulle slåast saman med Tysvær også når det galdt den verdslige styring. Den tiende oktober blei formannskapa frå begge herada kalla inn til møte. På møtet var det brei semje om at så ulike dei to sokna var, ville det vera heilt feil å slå dei saman. Den 14. mars 1851 blei det så halde eit felles formannskapsmøte for dei to kyrkjjesokna. Der blei tysværubuen Jon Årvik vald til ordførar med boknaren Lars Rasmussen Loden som varaordførar. Men på begge sider var det stor uvilje mot å halda fram hopehavet.

Difor formulerte dei og vedtok samrøystes skarpe protestar: "Det vil blive alt for ubehagelig da Distriktet er Vit og næsten ufremkomeligt". Elles hadde sokna motstridande interesser "ver sine stridende inträser". Konklusjonen var at dei to burde halda fram som skilde kommunar.

Dinest gjennomførte dei eit formannskapsmøte for Bokn – leia av den nye tysværordføraren. Så, den 25. juni 1851, blei det arrangert felles formannskapsmøte på Førre. Til handsaming var brevet datert 24.januar frå amtet om at dei to kommunane nå skulle vera ein. På møtet vedtok begge formannskapa ei kraftig fråsegn om at det ville bli direkte ubehageleg og uhensiktsmessig å slå saman dei to kommunane. Ikkje minst ville kommunikasjonen i samband med møta bli ei utfordring. Det blei så samrøystes vedteke ein søknad til departementet om å bli skilde att. Denne gongen fekk dei gjennomslag, og frå oktober same året fekk Bokn halda fram som eigen kommune.

## Verdas bokdag

**23. april feira Bokn bibliotek Verdas bokdag. Då skreiv Kjetil Hamre dette på bloggen sin:**

Kaffe, smil, terning, roser og utdeling av bøker. Bokn bibliotek feirer dagen med stil.

I dag er det verdens bokdag. Dette markeres høytidlig på biblioteket vårt her på Bokn. Alle besøkende får en rose og alle får trille en sekserterning. Du får deretter velge blant utvalgte bøker og raske med deg så mange bøker som terningen viste. Jeg gjorde det ikke så skarp og fikk bare to på terningen, men min kone hadde trillet litt tidligere og fikk fire. Det ble fem barnbøker og en bok av Sarah Waters.

Hun er ukjent for meg og valget var vel mest på grunn av etternavnet. Et av mine største idoler er Roger Waters, både musikalsk og som tekstskriver. Om det er noe slektsforhold tror jeg ikke, men valget ble som det ble.

En god kopp med kaffe og honning og småprat med bibliotekar Linda, assistent Åse Helen og de besøkende som kom innom mens jeg var der nede er alltid like koselig.

**Du kan lesa meir og sjå fleire bilder på <http://kjetilhamre.blogspot.no/2013/04/verdens-bokdag-kaffe-smil-terning-roser.html>**



**Biblioteksjef Linda Ognøy (th) feira dagen med stil, med assistent Åse Helen Alvestad.**

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Det er artig å sjå kor mange av dei gamle uttrykka som framleis er kjende. Me hadde denne gongen ikkje med nokre skikkeleg vriompeisar, men det var utfordringar nok likevel.

Så skal me summera opp i løpet av sommaren slik at sigerherrerne endeleg kan kårast og sendast til havs. Me vil likevel halda fram denne spalta så lenge det framleis finst boknauttrykk - og her er visst nok å ta av.

## Forklaringane:

- |                |                                       |
|----------------|---------------------------------------|
| 1. å smulka    | småle, flira for seg sjølv            |
| 2. å gryla     | hyla, kvina, skrika                   |
| 3. å garpa     | rapa (kan òg tyda å tulla, herja)     |
| 4. å daffa     | gå seint                              |
| 5. å slå flåga | slå armane i kross for å halda varmen |
| 6. klagje      | frosen jord, is                       |
| 7. ei hela     | rimfrost                              |
| 8. ei badla    | tobakkspakke                          |
| 9. å mørja på  | streva, bala på, jobba                |
| 10. vårhesa    | tørr, sprukken hud                    |

## MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. ein lagalyr
2. sudalause
3. å vera idel
4. eit kveigsle
5. trebonius
6. springband
7. nana
8. å mesja
9. å vera bedadige
10. ein knog

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdeblad **innan 13. Juni (OBS! KORT FRIST)**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

## Resultat:

Andor Borgenvik	10 poeng
Dagsenterdamene	10 poeng
Oddbjørg Bokneberg Øye	9 poeng

Denne gongen vil me takka Leif Vatnaland for god assistanse med uttrykka.



## BIBLIOTEKET

Måndag	16.00 - 19.00
Tysdag	09.30 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.30 - 13.30



*Vis respekt for opningstidene!*

## Ope i Bokn Bygdemuseum



**I skuleferien i sommar blir det ope i museet på Håland kvar søndag frå kl. 13.00 – kl. 16.00.**

Første gongen med opningstid blir søndag den 30. juni. Så vil det vera ope kvar søndag i juli og august fram til og med den 11. august.

Det er folk frå historielaget i Bokn som vil vera til stades i opningstidene.

**Bokn historielag**



**STORT  
FRAM-  
SIDE-  
BILDE:**

Epletre  
i full  
blomst

Foto:  
Kjetil  
Hamre

altibox

# Du kan få fiber på Bokn



Bestill på [www.haugnett.no](http://www.haugnett.no)







23.06.2013

# MOSJONSDAG BOKN

## BOKN OPPNED MOSJONSLØP (KL.14:00)

8,67 KM - 294 HØYDEMETER

START V/IDRETTSHUSET

PREMIE TIL KLASSEVINNERE OG TREKKING AV

PREMIE PÅ STARTNUMMER

KR 100,- V/FORHÅNDSPÅMELDING KR 130,- V/START

**TURMARSJ (KL.12:00)** TURSTIEN, START V/IDRETTSHUSET  
PREMIE TREKKES PÅ STARTNUMMER KR 50,- OVER 12 ÅR

## BARNELOP (KL.13:00)

### OPP TIL 12 ÅR

START V/IDRETTSHUSET

DIPLOM OG PREMIE / GRATIS



START/MÅL, GARDEROBE OG MAT/KIOSK MED  
BETALINGSTERMINAL VED IDRETTSHUSET I FØRESVIK

[WWW.PANORAMAS.NO/ROG/BOKN/UTSIKT/UTSIKT/360UTSIKT.HTML](http://WWW.PANORAMAS.NO/ROG/BOKN/UTSIKT/UTSIKT/360UTSIKT.HTML)

PÅMELDING LØP: [POST@BOKNIL.NO](mailto:POST@BOKNIL.NO)

KONTO: 3520.67.20369 INNBETALING MERKES MED NAVN





**Hytter/Leiligheter med båt og kai plass**  
**Uke, måned eller åremål**  
 Ta kontakt med  
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**  
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**  
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
 E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/[post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
 Kjetil Hamre  
 Hanne Marte Vatnaland

### Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

**Foto, omslag:**  
 Stephan Haram

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaantl.	500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

**Kjell Frode 907 83 797**  
**John Magne 909 24 964**  
 Epost: [kjellfrode75@hotmail.com](mailto:kjellfrode75@hotmail.com)

## NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

**Bokn & Tysvær**  
**begravelsesbyrå**

John Magne Lie  
 909 24 964  
 Kjell Frode Lie  
 907 83 797

## Annonsér i Bokn Bygdablad

**TAKK!**

*Tusen takk for all oppmerksomhet, blomster og gaver på min 90 årsdag 9. mai.*

*Bertha Våge*

*Du er velkommen med gratis takkeannonse I bladet.*



Ferie fra 8. juli.  
Åpner igjen  
8. august

Ønsker alle en  
fin sommer!

Hilsen

Mona på Hårsmiå

**52 74 86 47**  
**46 44 29 20**

**Frisørrommet på Boknatun**  
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16

Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



NAV BOKN

Kundesenteret: tf. 55 55 33 33

**Unn A. Mustaparta - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

**BOKN TANNKLINIKK**

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**LANDBRUKSKONTORET**

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**HELSEMASSASJE**

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

**Ingunn Are - tf. 90 24 90 57**

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36  
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: [grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no](mailto:grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no)  
[miriam.berland@bokn.kommune.no](mailto:miriam.berland@bokn.kommune.no)

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**



**Honda Tohatsu Deutz Vetus Silver AMT Terhi Sea Star Honwave Inter Sealegs River**



*Endelig båtbutikk på Bokn!*



**Stor båtbutikk og serviceverksted på Bokn - Kom innom for en båtprat**

*Båtdrømmer  
finner du hos oss!*



*Ring oss i dag!*

**416 65 015**